

FORSKRIFT OM VERN AV HALDORBU LANDSKAPSVERNOMRÅDE I ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE, OPPLAND

Fastsett ved kongeleg resolusjon 11. mars 2011 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) § 34, jf. § 36 og § 62. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1. Føremål

Føremålet med Haldorbu landskapsvernområde er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi, opplevingsverdi, og som er identitetsskapande.

Vidare er føremålet med vernet å:

- ta vare på eit naturområde med eit rikt dyre- og planteliv som pregar landskapet.
- ta vare på og oppretthalde eit eigenarta, ope og vakkert natur- og kulturlandskap der stølslandskapet med beitebruk, stølsbygningar og stølsvollar, og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- ta vare på biologisk mangfald som pregar landskapet medrekna naturtypar som naturbeitemark, myr, medrekna slåttemyr, ferskvatn/våtmark, og artar knytte til desse.
- ta vare på vassdragsnatur, landskapsformer og kvartærgeologiske førekomstar.

Ålmenta skal ha høve til natur- og landskapsoppleving gjennom utøving av naturvennleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

§ 2. Geografisk avgrensing

Landskapsvernområdet gjeld gnr/bnr 53/1 i Øystre Slidre kommune.

Landskapsvernområdet dekkjer eit totalareal på ca. 58,6 km².

Grensene for landskapsvernområdet går fram av vedlagde kart i målestokk 1:55 000, datert Miljøverndepartementet mars 2011. Dei nøyaktige grensene for landskapsvernområdet skal merkjast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast i Øystre Slidre kommune, hjå Fylkesmannen i Oppland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet. Det same gjeld jordskiftekartet som vert laga etter grensemerking.

§ 3. Verneregler

I landskapsvernområdet må det ikkje gjerast tiltak som kan endre det verna landskapet sitt sær preg eller karakter vesentleg. Det skal leggjast vekt på den samla verknaden av tiltak i området.

1. Landskapet

1.1 Inngrep i landskapet

Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin sær preg. Med dei unntaka som følger av forskrifa pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, anlegg og innretningar, parkering av campingvogner, bubar og maskiner, etablering av oppdrettsanlegg, vassdragsregulering, opplag av båtar, graving og

påfylling av masse, sprenging og boring, uttak og fjerning av større stein og blokker, mineral eller fossil, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrkning, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetjing av skilt, opparbeiding og merking av stigar, løyper o.l. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmande.

1.2 Reglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) drift og vedlikehald av jordbruksareal på eksisterande stølar. Retningslinjer for drift blir fastsette i forvaltningsplan, jf. § 5.
- b) vedlikehald av bygningar, anlegg og innretningar. Vedlikehald skal skje i samsvar med lokal byggeskikk, og tilpassast landskapet. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utviding.
- c) vedlikehald av eksisterande vegrar i samsvar med forvaltningsplan, jf. § 5.
- d) vedlikehald av eksisterande stigar, trasear for skiløyper, skilt, bruer, klopper, vardar og liknande i samsvar med forvaltningsplan, jf. § 5.
- e) oppsetjing av saltstein og liknande i samband med beiting.

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) ombygging og utviding av bygningar.
- b) oppføring av utedo/vedskjul.
- c) gjenoppføring av bygningar, anlegg og innretningar som er tapte ved brann eller naturskade.
- d) oppføring av nye bygningar, anlegg og innretningar som er naudsynte for jordbruksføremål, medrekna gjerdning og oppsetjing av sankekveer utanfor stølsvollar og dyrka mark.
- e) oppføring av bygningar, anlegg og innretningar som er naudsynte for utøving av reindrift.
- f) oppattaking av jordbruksdrift, inkludert stølsdrift på nedlagde stølsvollar.
- g) oppdyrkning/beitekultivering av nye areal og utvising av nye stølar der det er naudsynt, i samsvar med forvaltningsplan, jf. § 5.
- h) naudsynt forlenging av veg/køyrespor ved etablering av køyretilkomst til nye stølar og oppdyrkning/beitekultivering av nye areal.
- i) riving av stølsanlegg.
- j) naudsynt omlegging og opprusting av eksisterande vegrar for jord- og skogbruksføremål i samsvar med forvaltningsplan, jf. § 5.
- k) tilrettelegging for vintervegar eller barmarkstransport i samband med avverking av skog etter pkt. 2.3, i samsvar med forvaltningsplan, jf. § 5.
- l) bygging av bruer og legging av klopper.
- m) bygging av enkle gapahukar.
- n) oppsetjing av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt.
- o) oppsetjing av skilt og opparbeiding og merking av nye stigar, skiløyper og hundekøyringsløyper.
- p) legging av jordkabel for framføring av straum i samband med jordbruk i verneområdet.
- q) etablering av mikrokraftverk i samband med jordbruk i verneområdet.
- r) boring etter vatn.
- s) vedlikehald av eksisterande køyrespor i samsvar med forvaltningsplan, jf. § 5.
- t) riving av gamle bygningar, anlegg og innretningar og oppføring av nye med same storlek og for same bruk.
- u) naudsynte tiltak i samband med artsforvaltning.

Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet.

2. Plantelivet

2.1 Vern av plantelivet

Plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging som kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg. Innføring av nye planteartar er forbode. For dyrka mark gjeld forbodet mot innføring av nye planteartar berre planteartar som gjennom spreing kan redusere verneområdet sin verdi.

2.2 Regelen i pkt. 2.1 er ikkje til hinder for:

- a) beiting.
- b) bruk av trevirke til bålbrenning.
- c) plukking av vanlege planter til eigen bruk.
- d) sanking av bær og matsopp.

2.3 Skogsdrift, hogst av ved og rydding av kratt

- a) hogst og rydding av kratt er tillate i samsvar med gjeldande lovverk. Særmerkte, dekorative og daude tre som pregar landskapet skal ikkje hoggast.
- b) etablering av ny skog skal fortrinnsvis skje ved naturleg forynging. Ved behov kan suppleringsplanting av stadeigne treslag nyttast.

3. Dyrelivet

Vernet er ikkje til hinder for:

- a) jakt, fiske og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- b) utsetjing av fisk frå lokale fiskestammar i samsvar med gjeldande lovverk.

4. Kulturminne

4.1 Vern av kulturminne

Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Lause kulturminne kan ikkje flyttast eller fjernast dersom det kan endre det verna landskapet sitt sær preg eller karakter vesentleg.

4.2 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

Istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.

5. Ferdsel

5.1 Generelt om ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

5.2 Sykling, organisert bruk av hest, organisert køyring med hundespann og jakthundtrenings

Sykling og organisert bruk av hest er tillate på vegar. Vidare er slik ferdsel tillate på trasear og i område som er godkjende for slik bruk i forvaltningsplan, jf. § 5. Bruk av hest til kløvjing og gjeting er tillate.

Organisert køyring med hundespann og jakthundtrenings er tillate til tider og på vegar, trasear og i område som er godkjende for slik bruk i forvaltningsplan, jf. § 5.

5.3 Regulering av ferdsel

Organisert ferdsel og ferdselsformer som ikkje skjer til fots, må ha særskilt løyve frå forvaltningsstyresmakta dersom ferdsle kan skade naturmiljøet.

Nærare retningslinjer blir gitt i forvalningsplan, jf. § 5.

5.4 Omlegging av stigar

Av omsyn til naturmiljøet og kulturminne kan forvalningsstyresmakta leggje om eller kreve fjerna merking av stiar og skiløyper.

5.5 Generelle unntak for ferdsel

Reglane i punkt 5 gjeld ikkje ferdsel ved gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvalningsstyresmakta.

6. Motorferdsel

6.1 Forbod mot motorferdsel

Motorferdsel til lands, til vatn og i lufta under 300 meter frå bakken, er forbode.

6.2 Regelen i punkt 6.1 er ikkje til hinder for:

- a) motorferdsel ved militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver bestemde av forvalningsstyresmakta. Regelen gjeld ikkje øvingskjøring.
- b) motorferdsel på innmark og stølsvollar i samband med drift og vedlikehald av jordbruksareal.
- c) motorferdsel på vegar slik desse er definerte i forvaltningsplan, jf. § 5.
- d) bruk av lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget for uttransport av felt elg og hjort i samsvar med forvaltningsplan, jf. § 5.
- e) naudsynt bruk av snøskuter i samband med reindrift. Leigekøyrar for reineigar eller reindriftsansvarleg må ha med skriftleg dokumentasjon/avtale med oppdragsgivars.
- f) motorferdsel på vinterføre i samband med hogst i jord- og skogbruk etter pkt. 2.3. Ved slik transport skal det leggjast vekt på å unngå terrengskadar, vegetasjonsslitasje og forstyrring av dyrelivet.
- g) motorferdsel for uttransport av sjuke/skadde bufe. Køyretøy som vert nytta skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før kjøring skjer.
- h) Forsvarets nødvendige lavflyging.

6.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) øvingskjøring for føremål nemnde i pkt. 6.2 a).
- b) bruk av beltekøyretøy på snødekt mark utanfor stølsvollar og dyrka mark i samband med husdyrhald, medrekna for oppsetjing av nye gjerde, sankekveer og for utkjøring av saltsteinar i regi av beitelag.
- c) motorferdsel på barmark i samband med vedlikehald og oppsetjing av nye gjerde og sankekveer.
- d) motorferdsel på barmark langs køyrespor i samband med jordbruksnæring og vedlikehald av køyrespor, i samsvar med forvaltningsplan, jf. § 5.
- e) motorferdsel i samband med hogst og rydding av kratt etter pkt. 2.3.
- f) motorferdsel på barmark i samband med tilrettelegging for transport av skogvirke på vintervegar eller barmarkstransport etter pkt 1.3.k).
- g) bruk av luftfartøy, motorbåt eller traktor langs eksisterande køyrespor for uttransport av felt elg og hjort i samsvar med forvaltningsplan, jf. § 5.
- h) bruk av beltekøyretøy på snødekt mark eller luftfartøy for transport av ved, varer og utstyr til buer, hytter og stølar i samsvar med forvaltningsplan, jf. § 5.

- i) bruk av beltekøyretøy på snødekt mark eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og bygggearbeid på bygningar, anlegg og innretningar.
- j) bruk av snøskuter eller luftfartøy for transport av båt.
- k) naudsynt motorferdsel på barmark langs køyrespor for transport ved, varer og utstyr og materialar til vedlikehald og bygggearbeid på bygningar, anlegg og innretningar i samsvar med forvaltningsplan, jf. § 5.
- l) motorferdsel på snødekt mark eller langs eksisterande traktorveg ol. for transport av varig forflyttingshemma til eiga hytte/bu i samsvar med forvaltningsplan, jf. § 5.
- m) bruk av beltekøyretøy på snødekt mark i samband med merking og preparering av skiløyper og hundekøyringsløyper etter 1.2 d) og 1.3 o).
- n) bruk av luftfartøy i samband med reindrift.
- o) bruk av snøskuter og flyging lågare enn 300 meter over bakken i samband med leiting etter beitedyr og teljing av dyr.
- p) bruk av beltekøyretøy på snødekt mark, motorbåt eller luftfartøy i samband med fiskekultivering og kalking av vatn og elvar.
- q) motorferdsel i samband med tiltak som er naudsynte for artsforvaltning i samsvar med pkt. 1.3 u).
- r) motorferdsel i samband med legging av jordkabel for framføring av straum og etablering av mikrokraftverk.
- s) motorferdsel i samband med boring etter vann.
- t) bruk av snøskuter for snømåling i samband med drift av eksisterande kraftanlegg i samsvar med forvaltningsplan, jf. § 5.

7. Ureining

7.1 Forbod mot ureining

Ureining og forsøpling er forbode. All bruk av kjemiske middel som kan påverke naturmiljøet er forbode.

7.2 Reglane i pkt. 7.1 er ikkje til hinder for:

- a) bruk av husdyrgjødsel, kunstgjødsel, kalk og sprøytemiddel på dyrka mark i samsvar med forvaltningsplan, jf. § 5.
- b) kalking av vatn og vassdrag i samsvar med gjeldande lovverk.

7.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

- a) bruk av plantevernmiddel for stubbebehandling ved rydding av stølsvollar.
- b) bruk av salt o.l. på eksisterande vegar.
- c) bruk av sand o.l. til snøsmelting.

7.4 Støy

Unødvendig støy skal unngåast.

§ 4. Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifa dersom det ikkje stirr mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

§ 5. Forvaltningsplan

Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærmare retningslinjer for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon osv. Eit utkast til forvaltningsplan skal etter planen foreligge seinast 1. mars 2012. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

§ 6. Skjøtsel

Forvalningsstyretemakta, eller den forvalningsstyretemakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- og kulturtildstanden som er føremålet med vernet.

§ 7. Forvalnings- og tilsynsstyresmakt

Miljøverndepartementet fastsett kven som er forvalningsstyretemakt etter denne forskrifta.

§ 8. Rådgivande utval

Det skal oppretta eit rådgivande utval for forvaltninga av landskapsvernombrådet.

§ 9. Iverksetjing

Denne forskrifta trer i kraft straks.